

Noregs Vassdrags- og Energidirektorat  
Postboks 5091  
Majorstuen  
0301 Oslo

Bergen, 30.03.2015

*FNF Hordaland er eit samarbeidsforum for natur- og friluftsansjasjonar i Hordaland. FNF Hordaland skal engasjere seg i saker som påvirker natur- og friluftsansjessene i fylket. Per i dag er det 9 ansjasjonar tilslutta FNF Hordaland: Bergen og Hordaland Turlag (DNT), Naturvernforbundet Hordaland, Noregs Jeger- og Fiskerforbund Hordaland, Bergen og Omland Friluftsråd, Norsk Ornitologisk Foreining Bergen lokallag, Hordaland fylkeskystlag, Norsk Botanisk Foreining Vestlandsavdelinga, Syklistanes Landsforeining Bergen og omegn og Voss Utferdslag (DNT). Saman representerar desse ansjasjonane over 37.000 medlemmar i fylket.*

### **Fråsegn knytt til småkraftpakke for Vaksdal/Voss og Boge 3 i Vaksdal**

Vi viser til dei 6 søknadane om småkraftverk i Vaksdal og Voss, der 5 av prosjekta er i Vaksdal kommune og eit i Voss kommune. Viser også til søknad om bygging av Boge 3 i Vaksdal.

Dette er ein uttale som er diskutert med Bergen og Hordaland Turlag (DNT), Noregs Jeger- og Fiskerforbund Hordaland og Naturvernforbundet Hordaland. Den er og diskutert med Voss Utferdslag vedrørende prosjektet i Voss kommune (Møyåni kraftverk) som grip inn i deira rute- og hyttenettverk. Ansjasjonane arbeidar for å ta vare på natur- og friluftslivsansjessene i fylket vårt, som er bakgrunnen for denne høyringsuttalen.


Først vil vi kommentere på nokre generelle punkt knytt til småkraftpakka og samla belastning i området, før vi går inn på dei enkelte sakene kvar for seg. Ansjasjonane har og levert eigne uttalar i det som dei vurderar som dei mest konfliktfylte sakene.

### **Småkraftpakka og Boge 3**

Småkraftpakka som vart sendt ut til høyringspartane i desember 2014, inneheld som nemnt 6 ulike småkraftsøknadar i Voss og Vaksdal kommune. I etterkant vart eit sjuande prosjekt, Boge 3 i Vaksdal, sendt ut på høyring med lik høyringsfrist. Dette prosjektet er lokalisert i same område som dei 6 prosjekta i "pakka", og vi meiner at det er naturleg at dette prosjektet vurderas på lik linje med dei andre og at det burde ha vært inkludert i pakka frå starten av. Vi omtalar derfor også Boge 3-prosjektet i denne fråsegna.

### **Kvaliteten på utsendte dokument/søknader**

Kvaliteten på dei dokumenta som er sendt ut (søknader, faglege utgreiingar og oversiktskart frå NVE) er svært varierende, og i fleire tilfeller dessverre for dårleg. Dette gjeld m.a. søknaden for Moko kraftverk i Vaksdal, der tiltakshavar søker om eit utbyggingsalternativ



som er vesentleg ulikt det som er utreda av fagkonsulentane, utan at dette er klargjort i søknaden. Fleire av fagutgreingane knytt til søknadane er etter vårt syn tynne, og vi viser til Miljøfagleg Utredning sin rapport til OED i 2008 (Gaarder & Melby) som peikar på at ikkje alle biomangfald (BM) rapportar held mål.

Vi meiner NVE bør være meir kritiske i vurderinga av kva søknadar som kan sendas på høyring og ikkje. Dette er spesielt viktig no når saksmengdene er så store at det er blitt ei belastning for høyringspartar som frivillige organisasjonar, der sakshandsaminga går føre seg på fritida til folk.

Oversiktskartet som vart sendt ut saman med småkraftpakka er diverre ikkje oppdatert, det både manglar utbyggingsprosjekt (overføring Svartavatnet til Torfinnsvatn og overføring Kroatjørna til Torfinnsvatn, Voss Energi AS) og har feil informasjon i forhold til status på enkelte kraftverk som m.a. Øvre og Nedre Frydlielva (desse vart etter det me har fått kjennskap til trekt tilbake av tiltakshavar hausten 2014).

Friluftsliv er eit tema som ikkje har fått mykje merksemd i søknadane, sjølv om det er regionale friluftslivsverdiar som vil bli påverka av utbyggingane. Dette vil vi gjere nærare greie for nedanfor.


Vi vonar NVE kan ha enda strengare fokus på kvalitetssikring og kontroll av søknadar om vasskraftutbygging med tilhøyrande dokument, før dei sendas ut til høyringspartane. Det opplevas som ei ekstra og unødige belastning hjå høyringspartane å få dårlege og ufullstendige dokument i desse prosessane, som allereie er krevjande grunna dei store saksmengdene vi opplever i dag.

### **Samla belastning**

Voss og Vaksdal kommune er begge allereie sterkt prega av kraftutbygging. Dei fleste av dei store vassdraga er regulert, og her er også bygd fleire mikro- og småkraftverk. Fleire prosjekt er gitt konsesjon og ventar på å bli bygd, og det er også mange nye søknader i desse områda som no ligg til vurdering hjå NVE.

Fleire av dei omsøkte utbyggingane grip inn i det regionalt viktig friluftsområdet Bergsdalen/Kvammafjella. Bergsdalen er i "Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021" definert som sårbart høg fjell av stor verdi, også med stor verdi for friluftsliv. Eit av prosjekta (Markåni kraftverk, Vaksdal) er lokalisert i det siste området i Vaksdal kommune med inngrepsfri natur frå fjord til fjell.

Det fins også prosjekt i dei tilgrensande kommunane Samnanger og Kvam som grip inn i dei same høg fjells- og friluftsområda som enkelte av prosjekta i denne småkraftpakka. Det er klart at den samla belastninga vil bli uakseptabelt stor dersom alt det som no er omsøkt i desse kommunane får konsesjon, som følgjer av nye kraftstasjonar, tilkomstvegar, røygater, nettilknytning med tilhøyrande inngrep (kraftline el. kabel) og fråføring av vatn frå



vassdraga. Dette gjeld både for tema INON, landskap, friluftsliv og biologisk mangfald. Vi vil no gjere nærare greie for dette.

### Inngrepsfrie naturområde (INON)



Bruken av INON som indikator for tilstanden av norsk natur har vore diskutert i forvaltninga og hjå sittande regjering, noko som m.a. førte til at Miljødirektoratet på oppdrag frå Klima- og Miljødepartementet i 2014 ga ut rapporten "*Inngrepsfrie naturområder i Norge (INON) – verdi som indikator for tilstanden i norsk natur*". Denne rapporten seier m.a. følgjande:

- Store, samanhengande naturområde er ein ressurs, og INON som indikator gjev grunnlag for å vurdere konsekvensen av å påverke denne ressursen
- INON er ein direkte indikator på arealutvikling og inngrepstilstand
- På grunn av samanhengen mellom fråværet av inngrep og kvalitetar for biologisk mangfald, opplevingskvalitetar, friluftsliv, landskap og økosystemtjenester samt referanseverdi og eigenverdi, er INON også en indirekte indikator på tilstanden for og utviklinga av desse kvalitetane og verdiane
- INON er den einaste indikatoren som gjer det mogleg å kontrollere om Noreg tar seg av internasjonal forplikting om bevaring av store samanhengande naturområde og tilhøyrande habitat

Ein stor del av dei samanhengande naturområda i Noreg er fjellområde, det gjeld også for INON-områda som er råka av dei 7 prosjekta som no skal handsamast. Dersom alle dei 7 prosjekta blir realisert vil 4,04 km<sup>2</sup> INON sone 2 og 3,1 km<sup>2</sup> INON sone 1 gå tapt.

Kartet under gjev eit bilete av INON-områda i Bergsdalen og Kvammafjella. Det største området i kartet (153,17 km<sup>2</sup>) er det som blir hardast påverka av dei omsøkte utbyggingane i Vaksdal (prosjektet i Voss medfører ikkje tap av INON). Fleire andre utbyggingar som i dag ligg til behandling hjå NVE, m.a. BKK sitt prosjekt i Øystesevassdraget i Kvam herad og i Dukabotn i Samnanger, har følgjer for det same INON området. Vi meiner det er naudsynt at NVE i sakshandsaminga tar ei samla vurdering på alle prosjekta som har følgjer for same INON-område. Berre på den måten vil me unngå ei "bit-for-bit" utbygging av dette fjellområdet, viser til krav i naturmangfaldlova § 10 om vurdering av samla belastning.

Vi meiner bevaring av INON i Bergsdalen/Kvammafjella må vege tungt hjå NVE i sakshandsaminga av denne pakka, både av omsynet til natur, friluftsliv og den samla belastninga som allereie er i området.



**Kart: INON-områder i Bergsdalen og Kvammafjella.**

### Botndyr i vassdraga

Mengde og samansetning (arts-) av botndyr i eit vassdrag utgjer sjølv næringsgrunnlaget for organismane som held til i og ved vassdraget. Det fins god dokumentasjon på at endringar i vassføring vil påverke artssamansetning, storleik og tettleik på botndyrfaunaen i eit regulert vassdrag (sjå m.a. NVE boka "Økologiske forhold i vassdrag — konsekvenser av vannføringsendringar" (2006)). Redusert vassføring vil truleg ikkje fjerne botndyra frå vassdraget, men vil nok likevel redusere bestandsstorleiken og forskyve artssamansetninga slik at ein går frå artar med stor til artar med liten kroppstorleik.


Botndyrfaunaen har også ofte innslag av raudlista artar av insekt. Dette kjem tydelig fram i Norsk Raudliste 2010 som har eit eige kapittel om botndyrfauna.

Ingen av dei 7 omsøkte utbyggingane i Voss/Vaksdal inneheld utgreiingar knytt til botndyr. Samstundes er det grunnlag for å seie at næringsgrunnlaget i desse vassdraga vil kunne bli endra etter utbygging, med negative følgjer for dei organismane som lever av botndyrfaunaen og ukjente økologiske konsekvensar.

Vi meiner undersøking av botndyr bør være eit krav frå NVE i alle utbyggingssakar knytt til vassdrag. Viser m.a. til at botndyr er brukt som ein indikator på den økologiske tilstanden av vassdrag i arbeid knytt til EU sitt Vassdirektiv i Noreg.

### Fossefall

Alle dei 7 omsøkte kraftverka som no er til handsaming er antatt å ha fossefall i influensområdet til prosjektet. Fossefallet er ikkje en uvanleg art å finne ved vassdrag i



Hordaland, men det er ein art som me har eit særskilt forvaltningsansvar for (Bern II). Vasskraftutbygging er i følgje Norsk Ornitologisk Foreining fossekallen sin største trussel i dag.

Fossekallen livnærer seg på botndyrfaunaen (vårfluer, døgnfluer, steinfluer) i vassdraget der den held til, og mange fugleartar er kjent for å konsentrere næringsøket sitt til områder med størst tettleik av næring. Vasskraftutbyggingar med påfølgjande redusert vassføring kan gjere vassdraga ubrukelige for fossekallen ved at mangfaldet og mengda av næringsdyr blir mindre (sjå m.a. NOF Rapport nr 3 – Små kraftverk og fossekall). Ei endring av artssamansetninga av botndyrfaunaen mot ein større del av små dyr i botndyrssamfunna vil også vere negativt for fossekallen, då ungane er avhengige av større botndyr etter kvart som dei sjølv blir større.

Det er grunn til å tru at den samla belastninga på fossekallen blir negativ dersom alle 7 utbyggingsprosjekta blir realisert. Dette må også sjåast opp mot andre prosjekt i dei same områda som no er til handsaming hjå NVE, og som har konsekvensar for fossekall (ref. oversiktskart frå NVE).


Rugekasser har vist seg å være eit effektivt avbøtande tiltak for fossekall, som kompensasjon for tap av gode reirplassar. Dette bør være eit krav til avbøtande tiltak i alle prosjekt der det gis konsesjon og det er rimeleg å anta at fossekallen lever i området.

### Friluftsliv

Bergsdalen og Kvammafjella er eit av dei viktigaste utfartsområda for friluftsliv i Hordaland. Hit er det kort veg både frå Bergen og tilgrensande kommunar, og me anslår at over 350.000 innbyggjarar har Bergsdalen/Kvammafjella som sitt næraste eller nest næraste friluftsområde. Dette er primærsatsingsområdet til Bergen og Hordaland Turlag (DNT), og her er eit imponerende rute- og hyttenettverk drifta av både Turlaget og Voss Utferdslag (sjølvstendig DNT foreining på Voss). 3 av dei omsøkte utbyggingane grip inn i dette viktige friluftsområdet; Møyåni, Skarvagrovi og Oddmundsdalen kraftverk. Me vil gå inn på dei enkelte utbyggingane nedanfor.

Etter vårt syn vil både utbyggingane i Bergsdalen og Boge 3 i Vaksdal gje negative følgjer for friluftsliv og opplevingsverdi i dei områda dei vert etablert, sjølv om ein ikkje skulle tru det ut i frå å lese søknadane som føreligg. Svært få av dei samla søknadane inneheld ei objektiv vurdering av konsekvensar for friluftsliv frå ein 3. part som ikkje har eigne økonomiske interesser av utbygginga. Dette er uheldig, og me skulle ønske NVE kunne stille strengare krav til vurdering av nettopp dette temaet i kvalitetssikringa av søknadane. Særskilt når fleire av søknadane grip inn i eit regionalt viktig friluftsområde med "stor verdi" i Fylkesdelplanen. Dette er ein naturleg del av vurderinga på om dei omsøkte tiltaka vil vere til ulempe for "allmenne interesser".

Friluftsliv blir stadig viktigare for folk flest, dette viser både nasjonale og regionale undersøkingar. I ei undersøking frå TNS Gallup i fjor ("Natur- og miljøbarometeret 2014")



svarte heile 89 % at dei er "svært interessert" eller "ganske interessert" i friluftsliv. Hordaland fylkeskommune si kulturundersøking i samband med den regionale kulturplanen ("Den store kultur- og idrettsundersøkinga 2013", Kunnskapsgrunnlag for regional kulturplan 2014-2024, Hordaland fylkeskommune) viser at nettopp **friluftsliv** er det området på kulturfeltet som flest Hordalendingar er interessert i. Ei undersøking av Respons Analyse frå 2014 presentert på Bergenskonferansen (Bergen Næringsråd) i år viser at tettleik til friluftsområde er rangert som nr 2 på spørsmål om kva folk synes er viktig å ha nær eigen bustad.

Friluftsliv er utøving av fysisk aktivitet kombinert med naturoppleving, og dersom naturopplevinga blir redusert, vil det gje negative konsekvensar for friluftslivet. Redusert vassføring vil ha ei negativ verknad på vassdraget sin verdi for friluftsliv og rekreasjon. I tillegg kjem inngrep som røyrgater, vegbygging, landskapspåverknader (masseforflytningar, terrenginngrep, ryddebelt osv.), tap av rennande vatn som lydelement, reduserte moglegheiter for fiske og bading, kraftliner, osv.

Dokumentasjon av opplevingsverdien ved vatn og vassdrag bør vege tungt ved konsesjonsvurderingane, då dette er allmenne interesser som skal ivaretakast i sakshandsaminga. Dette er gamal kunnskap, men no kan vi vise til boka "Vannkraft og miljø" frå FoU-programmet Miljøbasert vassføring (NVE, Eie J.A. , 2013). Kapittel 5 omhandlar kunnskap om vassføring og omsyn til friluftsliv, og peikar m.a. på at "Ei elv oppleves som mer attraktiv jo større vannføringen er...", og at lyden av rennande vatn er viktig. Den viser også til at "... kunnskap om at et vassdrag er utbygd påvirker opplevelsen negativt".


Då dei faglege utgreingane knytt til friluftsliv er så avgrensa eller nærast fråverande i søknadane knytt til småkraftpakka + Boge 3, er det ekstra viktig at NVE tek omsyn til dei innvendingane som kjem frå lokale og frå dei regionale natur- og friluftslivsorganisasjonane. Omsynet til friluftsliv i denne pakka bør vege tungt, då dette gjeld områder som 1) er svært viktig i ein friluftslivssamanheng og 2) allereie er svært belasta av tidlegare utbyggingar.

## Voss kommune

### Møyåni kraftverk (17 GWh)

Prosjektområdet for Møyåni kraftverk ligg i eit svært populært utfartsområde for friluftslivet. Område vert nytta til friluftsliv året rundt. Området kring Hodnaberg er godt tilrettelagt for friluftsliv, og tiltrekkjer seg både lokale og regionale friluftslivutøvarar. Både Voss Utferdslag og Bergen og Hordaland Turlag har aktivitetar og rute- og hyttenett i området.

Møyåni inngår i delområde Voss i fylkesdelplanen for små vasskraftverk i Hordaland. Om dette området seier fylkesdelplanen m.a. at: *"Ein må ta særleg omsyn til friluftsliv der det omfattande stinettet i området går langs vassdrag og elvestrekningar som vert nytta til padling"*.



Hodnaberg er utgangspunkt for turar til turisthytta Torfinnsheim tilhøyrande Voss Utferdslag, og hytta Kiellandbu tilhøyrande Bergen og Hordaland Turlag. I fylkesdelplanen står det m.a. at: *"Hodnaberg er viktigaste oppfartsområde til Kiellandsbu, som ligg i naboområdet i sør"*. T-merka løype følgjer Møyåni på austsida opp til nedre Kvålsdalstjørni. Røyrgata og inntaksområdet er planlagt i eit fjellområde klassifisert som sårbart høg fjell med "Middels verdi". Retningslinje R4 i fylkesdelplanen seier at: *"I andre område med sårbart høg fjell bør ein vise varsemd med løyve til ny kraftutbygging, spesielt i eksponerte område mot viktige reiselivsområde og verdifulle friluftsområde"*.

Utbyggar viser til at vatnet som er i Møyåni i dag er kunstig overført frå nabofelt på grunn av tidlegare utbygging (1951). Elva, slik den i dag, utgjer eit viktig landskapselement som er sentral for opplevingsverdien på stien langs vassdraget. Vi meiner dette må ligge til grunn for NVE si vurdering av konsesjonsspørsmålet i denne saka, ikkje korleis vatnet rann for over 60 år sia. Området kring Torfinns- og Bergsdalsvassdraget er allereie prega av tyngre tekniske inngrep. Det er gjennomført fleire reguleringar, oppdemmingar og overføringar av elver og fjellvatn i dette området. Den planlagde utbygginga vil bli godt synleg i landskapet, noko som er negativt for friluftslivet i området.

*FNF Hordaland rår frå utbygging av Møyåni kraftverk, av omsyn til friluftslivet og den samla belastninga i området.*


## Vaksdal kommune

### Skarvagrovi kraftverk (4,91 GWh)

Skarvagrovi kraftverk er planlagt lokalisert ved Småbrekkevatnet, ein mykje brukt innfallsport til fjellområdet Bergsdalen. Frå Småbrekke er det T-merka løype inn mot turistforeiningshyttene Gullhorgabu, Høgabu og Vending (alle Bergen og Hordaland Turlag). Området er lett tilgjengeleg og er mykje nytta til overnattingsturar og til dagsturar. Denne delen av Bergsdalen er særleg viktig for barnefamiljar, då dagsetappane er korte og det er gode løyper og god standard på hyttene. Gullhorgabu er den nyaste hytta til Bergen og Hordaland Turlag, og vart opna sommaren 2014. Dette har medført ei kraftig auke i ferdsele i området, og Gullhorgabu hadde i 2014 heile 1200 overnattingar og langt fleire besøkande på dagsetapper. Ein opplever også ei auke i besøkstala til nabohyttene.

Ved Småbrekkevatnet er det etablert ein villmarksleir, som er mykje nytta til friluftsliv og fiske sommartid. Området er også godt egna til folk med funksjonshemming. Dette er eit av dei mest brukte friluftsområda i Vaksdal kommune, og har stor verdi spesielt for barn og unge.

Sjølv om den omsøkte utbygginga ikkje vil vere til direkte hinder for utøving av friluftsliv i området, meiner vi at den vil medføre ei stor negativ belastning for friluftslivet på grunn av planlagt terrenginngrep og reduksjon av vassføring i elva Skarvagrovi. Dette vil redusere landskaps- og opplevingsverdien i området.



Utbygginga medfører ein reduksjon av INON sone 2 på 0,94 km<sup>2</sup> og 0,25 km<sup>2</sup> reduksjon sone 1. Årsproduksjonen på under 5 GWh kan ikkje seiast å vege opp for dei samfunnsmessige, negative konsekvensane av denne utbygginga. I tillegg er den samla belastninga i Bergsdalen allereie stor, på grunn av tidlegare utbyggingar.

*FNF Hordaland rår frå utbygging av Skarvagrovi kraftverk av omsyn til friluftsliv, INON og den samla belastninga i området.*

### **Oddmundsdalen kraftverk (13,25 GWh)**


Oddmundsdalen kraftverk er planlagt ved Bergevatnet, med to inntak nedstraums Oddmundsdalsvatnet og Skarvavatnet. Oddmundsdalsvatnet og Skarvavatnet ligg begge i eit sårbart høgfjellsområde med "stor verdi" i fylkesdelplanen for små vasskraftverk, og er ein del av eit større INON område med sone 1 og 2. Det omsøkte prosjektet grip langt inn i fjellet, og vil mellom anna medføre ein reduksjon av INON sone 1 på heile 2,85 km<sup>2</sup>, og 0,53 km<sup>2</sup> reduksjon sone 2. Utbyggarane ønskjer m.a. å etablere ein permanent veg heilt inn til Oddmundsdalsvatnet.

Det er ikkje t-merka løype i sjølve influensområdet til Oddmundsdalen kraftverk, men prosjektet er ein del det regionalt viktige friluftsområdet Bergsdalen og er lokalisert ikkje så langt unna Skarvagrovi kraftverk omtala i førre avsnitt. Det går også ein umerka sti forbi Skarvavatnet som ein kan følgje inn til Høgabu turisthytte, og det er ikkje usannsynleg at ein vil ynskje å merke denne i framtida med bakgrunn i Turlaget si satsing i området.

Både elva frå Skarvavatnet og elva frå Oddmundsdalsvatnet renn fleire stader gjennom myr, utan at vi kan sjå nokon vurdering frå fagkonsulenten (Ecofact v/Bjarne Oddane) korleis utbygginga vil påverke desse myrene. Myrområde utgjer viktige karbonlager, og har stor betydning for utslepp og opptak av klimagassar som karbondioksid, metan og lystgass. Drenering av myr fører til direkte utslepp av CO<sub>2</sub>. Det er ganske ironisk at denne effekten ikkje er vurdert i en søknad om å bygge ut "klimavennleg" kraftproduksjon! Vi forventar at ei vurdering av den omsøkte utbygginga sin påverknad på myrene og forventa klimagassutslepp som følgjer av dette blir tatt med i vurderinga av konsesjonsspørsmålet.


Det er to kjende hekkehuller for hubro (EN) ca 1 km frå influensområdet, men utbyggar/fagkonsulent vurderer lokaliseringa av desse slik at utbygginga ikkje vil få konsekvensar for hubroen. Vi er gjort kjend med at hubroen likevel bruker Oddmundsdalen både til reir (periodevis), opphald og jakt. Hubroen er ein sårbar art som er svært var på forstyrring, og det skal ikkje mykje til før den avbryt hekkinga og forlét egg og ungar. Vi meiner utbygginga sin moglege påverknad på hubroen er undervurdert i søknaden/fagrapporten.

*FNF Hordaland rår frå utbygging av Oddmundsdalen kraftverk av omsyn til friluftsliv, landskap, INON, biologisk mangfald og eksisterande belastning i Bergsdalsområdet.*




### Moko kraftverk (7,17 GWh)

Moko kraftverk er planlagt i nedre del av elva Moko, ei sideelv til Daleelva som saman med Drivo utgjer ei svært produktiv elvestrekning for sjøaure i Dalevassdraget. LFI Uni Miljø gjennomførte ei fiskefagleg utgreiing av den omsøkte utbygginga i 2012, og konkluderte med at Moko/Drivo er eit av dei viktigaste områda for sjøaureproduksjon i Dalevassdraget. I dei opphavlege planane frå utbyggar tenkte ein å lede vatnet inn i midten av Drivo/Moko, dette ville føre til ei øydelegging av øvste del av dagens produktive areal og være negativt for sjøauren. Fagkonsulentane kom med forslag til korleis utbyggar kan gå fram for å forbetre forholda for sjøauren, ved å lede vatnet inn i øvste del av Drivo og betre habitatforholda der. Slik sett kunne denne utbygginga resultere i eit positivt resultat for sjøauren (med visse krav til utforming m.m., sjå bilete under frå rapport LFI Uni Miljø 2012).



Bilete frå fagutgreiing for Moko kraftverk av LFI Uni Miljø 2012. Forslag til tiltak for å sikre det produktive fiskehabitatet nedst i Mokovassdraget (Moko/Drivo).

Trass i faglig utgreiing med klare råd til korleis utbyggar kunne gå fram for å unngå konflikt med sjøaure i vassdraget, ender tiltakshavar med å søke om ei utbygging som er stikk i strid med faglige råd og vil være enda meir negativ for sjøauren enn det som opphavleg var planen då fagkonsulentane såg på saka. Dette gjeld både alternativet i søknaden om å etablere kraftverket slik at dei slepp vatnet direkte ut i Daleelva, og ny løysing som kom per e-post til høyringspartane 12. februar i år, der dei foreslår å sleppe vatnet inn i hovudlaupet



til Moko ("Moko/Flomløp" på bilete over) før den renn ut i Daleelva. Begge desse alternativa fråfører vatn frå gyteområda til sjøauren (Drivo/Moko, populært kalt "Shampobekken"), og vi risikerar at desse områdar vil gro igjen og at vassføring blir ein enda større flaskehals for sjøaureproduksjon.

Utbygger er ikkje forplikta til å ta omsyn til fiskeinteresser eller naturmangfald i løysingane dei legg fram for høyringspartane. Det som er kritikkverdig er at dei refererar til dei positive effektane utbygginga vil kunne ha for sjøaure i søknaden sin, sjølv om dei søker om eit alternativ som er stikk i strid med det som fagkonsulentane foreslår. Dei opplyser heller ikkje tydeleg i søknaden at dei har endra utbyggingsplanane i etterkant av dei faglege utgreingane, og at dei søker om alternativ som ikkje er fiskerifagleg utgreia.

Søknaden for utbygging av Moko kraftverk er så mangelfull og misvisande at den ikkje skulle ha slept gjennom NVE si kvalitetssikring av søknadane før dei vart sendt ut til høyringspartane. Viser til brev frå FNF Hordaland til NVE med krav om tilleggsutgreiing i saka 9. februar i år. Vi kan ikkje sjå å ha mottatt eit svar frå NVE knytt til dette kravet.

Verken utbyggingsløysinga i den opphavlege søknaden eller ny løysing formidla per e-post 12. februar kan aksepteras av omsyn til sjøauren i Moko-/Dalevassdraget.

*FNF Hordaland rår frå utbygging av Moko kraftverk av omsynet til sjøauren i vassdraget.*

### **Markåni kraftverk (Vaksdal)**

Markåni kraftverk ligg i det siste området i Vaksdal kommune som har inngrepsfri natur frå fjord til fjell, på ei halvøy mellom Veafjorden og Bolstadfjorden. Veafjorden er eit fjordlandskap med stor verdi, og fylkesdelplanen seier m.a. at:


*"Det er særleg viktig å ta vare på området med urørt fjordlandskap langs Veafjorden".*

Vi synes det er rart at det ikkje har vore stilt krav til utbygger om visualisering av inngrepa frå fjorden, med bakgrunn i korleis dette området er omtala i fylkesdelplanen. Vi meiner denne visualiseringa må ligge til grunn for sakshandsaminga. Det er også naturleg at synfaring av dette prosjektet inkluderar synfaring frå båt, slik at partane kan gjere seg eit reelt bilete av korleis inngrepa vil bli synleg frå fjorden.

Ut over dette synes vi søknaden om Markåni kraftverk er dårleg opplyst når det gjeld planlagde inngrep og konsekvensar for landskap og friluftsliv. Vi ynskjer ikkje å kommentere denne søknaden ytterlegare før det har vore synfaring i området, og vil kome med eventuelle tilleggsuttalar/kommentarar i etterkant av dette.

### **Boge 3 (Vaksdal)**

Søknaden om Boge 3 har svært dårleg kvalitet på utsendte dokument, mange sider har nærast uleselig tekst og håplaut dårlege bilete (dette gjeld dokumenta som er lagt ut på



NVE sine heimesider). Søknader som skal sendast ut på offentlig høyring burde oppfylle eit minimumskrav ifht. standard, og me vil igjen oppmode NVE om å stramme inn på kvalitetssikringa av vasskraftsøknader.

Boge Kraft AS ønskjer å nytte vassfallet Bogevasdraget i Vaksdal kommune og søker om å byggja kraftverket Boge 3, å overføra vatn frå Krosstjørnane til Svartavatn og å fortsette eksisterande reguleringsregime for Svartavatn og Krosstjørnane. Boge 1 og Boge 2 er allereie bygd ut. Boge 3 vil fråføre vatn frå Vaksdalsvasdraget, som allereie er utbygd i dag utan krav til minstevassføring.

Når det gjeld brukarinteresser/friluftsliv knytt til Boge 3, skriv utbyggjar i søknaden at: *”Utbygginga vil ha lite eller ingen negativ innverknad på jakt, eller for rekreasjon i området”*. Dette stemmer dessverre ikkje, gir inntrykk av å vere ei lite sakleg vurdering. Viser m.a. til uttalar frå Bergen og Hordaland Turlag og Bevaring av Vaksdalsvasdraget, som begge belyser utbygginga sine konsekvensar friluftsliv og rekreasjon.


Boge 3 og prosjektet ”Overføringar til Herfangen: Flatavatnet, Klenavatnet og Smørtjørna” (NVE saksnummer 201203082) inneber begge ein reduksjon av vassføringa i Vaksdalsvasdraget, utan at me kan sjå det er gjort nokon vurdering av samla konsekvens for desse to prosjekta. Vaksdalsvasdraget er eit synleg landskapselement, og delar av DNT-turstien gjennom Herfindalen går parallelt med vassdraget. Begge utbyggingsprosjekta vil m.a. påverke landskapet og opplevingsverdien av Lonane, som har stor verdi i friluftslivssamanheng. Vi etterlyser ei vurdering av sumverknaden av total redusert vassføring i Vaksdalsvasdraget som følgjer av desse to prosjekta, både i forhold til hydrologi samt konsekvensar for landskap, opplevingsverdi og friluftsliv.

### **Sædalen kraftverk (10,2 GWh)**

Sædalselva er ei sideelv til Vaksdalsvasdraget, som renn saman med elva frå Herfindalen nedanfor Sædalen før ho renn ut i Sørfjorden ved Vaksdal. For landskapet i Sædalen medfører det planlagde kraftverket eit relativt stort inngrep, særleg hovudalternativet og ”Alternativ 1” som inneber nedgravd røyrgate og ein 20 meter brei korridor gjennom ein gamalskog av bjørk og andre lauvtre. Dette inngrepet vil bli synleg på lang avstand 20-30 år framover.

Det er søkt om slepp av ei minstevassføring på 23 l/s heile året, som utgjer ein brutal reduksjon i vassføringa. Dette er òg påpeika av fagkonsulentane, som seier at: *”...Dette vil være i minste laget til å sikre forekomsten av ferskvannsbiologiske organismer, spesielt i øvre partier. I nedre deler vil situasjonen være noe bedre på grunn av tilsig fra restfeltet til vassdraget. Slipp av minstevannføring er viktig hele året for å sikre forekomsten av fisk og ferskvannsbiologiske organismer.”* Konsulentane konkluderar med at tiltaket vil gje stor negativ verknad for akvatisk miljø, m.a. bekkeare som er observert i vassdraget.

Øvre delen av elvestrekninga er dominert av ei bekkekløft som strekk seg frå kote 245 til kote 180 meter, og heile strekninga er karakterisert som «elveløp». Både bekkekløft og



elveløp er truga naturtypar (NT), så sjølv om desse naturtypane berre har «lokal verdi» og at det ikkje er observert raudlista mose- og lavartar, vitnar den store artsrikdomen (s. 23-25 i konsulentrapporten) om at det er potensiale for slike artar. Det er observert både grønspeitt, kvitryggspett og flaggspett. Alle desse tre fugleartane vitnar om høgt artsmangfald av insekt, sopp, mose og lav, og høg del gamalskog. Det fins også ein rik fauna av sporvefuglar og songarar, som indikerer rik insektfauna og høgt artsmangfald.

Vi meiner naturverdiane i dette prosjektet ser ut til å være undervurdert i søknaden.

### **Oppsummering**

Både Vaksdal og Voss er allereie sterkt prega av kraftutbygging, og Bergsdalen har etter vårt syn nådd grensa på kva som kan aksepteras. Ny kraftproduksjon frå dette området kan ikkje vege opp for ulempene med utbyggingane.

Vi har peika på dårleg kvalitet på søknadar og fagutgreiingar, og oppmodar NVE til å stille strengare kvalitetskrav på saker som skal på offentleg høyring. Dårlig kvalitet på søknader og utgreiingar tilseier at NVE må legge større vekt på "føre-var-prinsippet" til naturmangfaldlova § 9 i sakshandsaminga.

Vi føreset at alle søknadane som er til handsaming hjå NVE, småkraft og storkraft, blir gitt ei samla vurdering i tråd med naturmangfoldlova § 10. Vi meiner det er fleire prosjekt enn dei 7 som no er til handsaming, som røyrrer ved dei same INON/landskaps-, friluftsliv- og naturverdiane, og vi vonar NVE klarer å vurdere dette i ein større samanheng.

Vennleg helsing

Johanna Myrseth Aarflot  
Fylkeskoordinator  
på vegne av Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Hordaland

### Kopi til:

Vaksdal kommune v/Sveinung Klyve  
Voss kommune v/Gunnar Bergo  
Fylkesmannen i Hordaland v/Anniken Friis  
Bergen og Hordaland Turlag  
Naturvernforbundet Hordaland  
Voss Utferdslag  
Noregs Jeger- og Fiskerforbund Hordaland